



Kristian Bringedal og Jan Erik Olsson deltok på møtet. Foto: Per Nordmark

**Uskedal utvikling, saman med Rosendal utvikling og Kvinnherad kommune, var i denne veka representert på tettstadkonferansen Gode bustader i sentrum på Voss. Det var 200 påmeldte. Tilskipar var Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Voss kommune og Forum for stadutvikling. Tema er svært aktuelt for Uskedalen, ei attraktiv bygd i utvikling.**

I vedteken økonomiplan er det avsett kr. 250.000,- til sentrumsutvikling i Uskedalen. Midlane kan nyttast til arbeidet med stadanalyse, områdeplan eller ein meir avgrensa reguleringsplan i sentrum.

Målet er ei sentrumsutvikling der ein finn gode løysingar som fremjar trivsel, sosial aktivitet, friluftsliv, næring, trafikk og andre offentlege funksjonar.

Av mange gode døme fekk vi høyra kva Voss gjer for å utvikla Vangen, kva Ålesund gjer for å utvikla bydelen Sørsida. Alle legg opp til auke i folketalet. Ei attraktiv bygd treng difor bustader, fellesareal, handel og andre aktivitetar i sentrum. Talet på pensjonistar aukar. Denne gruppa treng tilrettelagde og veileigna bustader sentralt, slik vi ser gode døme på alt i dag i Uskedalen.

Frå Husbanken fekk vi ei god innføring i kva som skal til for å utvikla eit lokalsamfunn der ein tek omsyn til fysisk miljø, omgjevnad, kultur og fritidstilbod. Dette er alle viktige faktorar i arbeidet med omdømebygging.

Det er alt skapt eit grunnlag for vidare arbeid med sentrumsutvikling i Uskedalen. Det er og eit av punkta i handlingsplanen for Uskedal utvikling.

Det vert på hausten kalla inn til møte med tema: Kva vil vi med ei sentrumsutvikling i Uskedalen?

Av Kristian Olav Bringedal